

Norske pengespel

Gaming in Norway

2 0 0 1
2 0 0 2
2 0 0 3
2 0 0 4
2 0 0 5

**Statistikk over norske
pengespel og lotteri**

*Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority*



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på

www.lottstift.no

INNHALD

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	16
Norsk Rikstoto	21
Prøvekonsesjonar på Internett og SMS	24
Nye plattformer for spel og betalingsformidling	26
Automatar	28
Bingo	33
Andre lotteri	38
English summary	42
Vedlegg	44

Nordmenn tapte 11,7 milliardar på pengespel i 2005

Den fullstendige årsstatistikken for 2005 viser at nordmenn satsa 42,4 milliardar kroner på pengespel. Dette er om lag halvannen milliard kroner meir enn året før. Også i 2005 kom auken hovudsakleg på gevinstautomatar, men auken er langt mindre enn åra før.

Tala i denne statistikken handlar om lotteri og pengespel som er lovlege. I tillegg vart det satsa pengar på internasjonale nettspel som ikkje er medrekna. Det reelle talet for kva nordmenn brutto spelar for ligg difor høgare enn det som kjem fram her.

Lotteri- og stiftelsestilsynets statistikk viser og at det i 2005 gjekk tilbake 30,7 milliardar kroner i form av gevinst til spelarane. Netto omsetning, det som vart tapt på lotteri- og pengespel, var såleis 11,7 milliardar kroner.

Kvar norske innbyggjar satsa i fjor 9 163 kroner på lovlege pengespel. Dette er ein auke på 272 kroner frå 2004. Tek vi høgde for gevinstar, viser statistikken at alle nordmenn i gjennomsnitt i fjor tapte 2 527 kroner på pengespel.

Spel og lotteri gir inntekter til ei rekkje lotteriverdige lag og organisasjonar. I 2005 førte lovlege lotteri og pengespel til at gode føremål fekk vel 5,6 milliardar kroner. Dette er ein auke på nærare 240 millionar kroner frå året før. 2,2 milliardar av føremålsinntektene kjem frå automatmarknaden.

Gjennom årsstatistikken får Lotteri- og stiftelsestilsynet sett effekten av regulatoriske endringar. Frå 1. januar 2005 har bingobransjen hatt nye forskrifter, med mellom anna nye krav til fordeling av overskot. Statistikken syner at formåla i 2005 fekk tilført 85 millionar kroner frå entreprenørbingo. Dette er ein auke på 80 % frå 47 millionar i 2004.

Dei siste åra har pengespel på Internett auka, og på bakgrunn av undersøkingar som Opinion har gjennomført for Lotteri- og stiftelsestilsynet, har vi tidlegare rekna ut at nordmenn i 2005 satsa om lag 4 milliardar kroner på utanlandske nettstader. Dette reknar vi som eit nøkternt estimat.

Lotteri og stiftelsestilsynet takkar også i år for samarbeidsviljen som aktørar i den norske pengespelmarknaden viser under vårt statistikkarbeid. Utan denne velviljen ville ikkje vi hatt høve til å utarbeide ein så detaljert statistikk.

Førde, desember 2006

*Atle Hamar
Direktør*

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2005 omsett for 42,4 milliardar kroner. Av dette gjekk 30,7 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 11,7 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2005

År 2005	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for) ²	42 362	5 290
Gevinst	30 678	3 831
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	11 684	1 459

År 2005	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ³	9 163	1 144	2 527	316
Per innbyggjar 15 år og eldre	11 402	1 424	3 145	393
Per husstand ⁴	21 074	2 632	5 813	726
Prosent av disponibel inntekt ⁵		4,76%		1,31%

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 9 136 kroner i 2005.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar ha lagt igjen 2 527 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,31 %. Tilsvarende prosent i 2004 var 1,40 %.

¹ Middelkurs 2005 frå Norges Bank 8,0073.


² For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt, ikkje er medrekna.

³ Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 31/12-2004 og 31/12-2005.

⁴ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3 (Statistisk årbok (SSB)).

⁵ Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger. Inntekter, utgifter og sparing.»
Disponibel inntekt 890 535 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2005



I 2005 spelte nordmenn for 42,4 milliardar kroner. Av dette blei 66 % spelt på gevinstautomatar⁶. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn samla 8,4 milliardar, og i tillegg i underkant av 0,8 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for nærare 2,8 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar var det bingo, lotteri, internett-spelet *tivoli.no* og SMS-spelet *SMS.jackpot* som utgjorde den private delen av marknaden i 2005. Bingo hadde ei omsetning på nær 2 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, over 1,7 milliard inkludert sidespel i bingo (elektroniske⁸ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til ein kvart milliard.

Internett-spelet *tivoli.no* hadde ei omsetning på 12,5 millionar, medan SMS-spelet *SMS.jackpot* omsette for 1,1 million. Desse spela fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphøyrde frå 1. juli 2005.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning, 508 millionar kroner⁹. For lokale og regionale lotteri¹⁰ estimerer vi omsetninga til 120 millionar kroner.

Samla brutto omsetning auka frå 40,8 milliardar kroner i 2004. Diagrammet syner omsetninga tilbake til 2001, og då ser vi at endringa (veksten) også i 2005 var størst for automatane.

⁶ Beløpet er utan verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt.


⁷ Vi har i tillegg registrert og estimert om lag 21 millionar i omsetning på underholdningsautomatar.

⁸ Bingoautomatar og databingo.

⁹ Omsetninga 508 mill er inklusiv 8 mill i andre inntekter enn loddsal.

¹⁰ Mindre lotteri, med løyve til lykkespel, er medrekna i bingoomsetning dersom dei er sidespel i bingo, men ikkje basar og tivoli.

Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 26 % av marknaden. Tilsvarande marknadsdel i 2004 var 28 %, og 30 % i 2003.

Gevinstar og pengepremiar i 2005

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	8 433	4 443	3 989	53 %
Norsk Rikstoto	2 781	1 822	959	66 %
Extra – stiftelsen Helse og Rehabilitering	771	385	385	50 %
Automatar *	27 754	22 464	5 290	81 %
Bingo med entreprenør*	1 732	1 270	462	73 %
tivoli.no/SMS.jackpot	14	12	2	86 % ¹¹
Landslotteri	508	92	416	18 %
Bingo utan entreprenør**	250	160	90	64 %
Lokale/regionale lotteri**	120	30	90	25 %
Totalt	42 362	30 678	11 684	72 %

*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar. For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

***) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 30,7 milliardar kroner av innsatsen på 42,4 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå automatar (81 %) tivoli.no (89 %) og entreprenørbingo (73 %).

For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt.


For lotteri bokfører ein ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. For vinnaren kan premien ha høgare verdi enn det som kjem fram i rekneskapen. Lotteri kan oppnå rabattar ved kjøp av premiar, og til mindre lotteri er gjerne premiar gitt som gåver utan at dette går fram av rekneskap.

¹¹ Gevinstprosent tivoli.no er 89 %, for SMS.jackpot 54 %.

Samandrag

Sidan gevinstprosenten er relativt høg for gevinstautomatar og for fleire andre spel frå private entreprenørar, er ikkje skilnadene mellom marknadsdelar så store når ein ser på netto omsetning, men også etter at gevinstane er utbetalt har automatane størst netto omsetning.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2005



Automatane hadde størst netto omsetning (45 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 42 % av marknaden i 2005. I 2004 var deira samla marknadsdel 44 %, mot 45 % i 2003.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2005

	Netto omsetning		Formål	Administrative kostnader	
	Mill kr	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Norsk Tipping	3 989	2 338	59 %	1 651	41 %
Norsk Rikstoto	959	482	50 %	477	50 %
Extra	385	195	51 %	117	30 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		74	19 %		
Automatar	5 290	2 207	42 %	3 083	58 %
Bingo med entreprenør	462	85	18 %	378	82 %
tivoli.no/SMS.jackpot	1,9	0,6	33 %	1,3	67 %
Landslotteri	416	109	26 %	307	74 %
Bingo utan entreprenør	90*	70*	78 %	20*	22 %
Lokale/regionale lotteri	90*	80*	89 %	10*	11 %
Totalt	11 684	5 640	48 %	6 044	52 %

*) Estimerte og avrunda beløp

Samandrag


Formåla sine inntekter utgjorde totalt vel 5,6 milliardar kroner. Største del av inntektene (2,34 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (59 %). Også Norsk Rikstoto hadde ein forholdsvis stor prosentvis del (50 %, eller 482 mill).

Automatane bidrog også med ein stor del til formåla (2,21 mrd). I 2005 utgjorde dette 42 % av netto omsetning. Tilsvarande del i 2004 var 40 %.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For dei andre utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning.

Minst prosentvis del til formåla hadde entreprenørbingo, 18 % eller 85 mill. Dette er likevel ein auke frå 2004 då delen utgjorde 11 % eller 47 millionar kroner.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader¹² utgjorde vel 6 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (3,08 mrd) skriv seg frå automatane der ein også har ein forholdsvis stor prosentvis del kostnader. Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Tipping (1,65 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,48 mrd), men her er den prosentvise delen mindre (høvesvis 41 % og 50 %).

Blant dei private spela utgjorde administrative kostnader for bingo med entreprenør 82 % av netto omsetning, landslotteri 74 % og automatatar 58 %.

Kostnadar til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv.

¹² Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Samandrag

Netto omsetning i 2005 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnhavar Mill kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	3 989	603	15 %
Extra	385	57	15 %
Norsk Rikstoto	959	162	17 %
Automatar	5 290	1 051	20 %
Totalt	10 624	1 873	18 %

Frå desse spela gjekk nærare 1,9 milliard kroner, eller 18 % av netto omsetning, til kommisjonærar eller lokalinnhavarar. Dei største beløpa kom frå omsetninga til automatane og Norsk Tipping. I prosent fekk tredjepart mest frå automatomsetninga.

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 25 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der 3 % av innsatsen kom via Internett.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2005

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2005	Mill kr	Prosent
Idrett	1 982	35 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 200	21 %
Musikk/kultur/fritid	102	1,8 % *
Hest/hestesport	482	9 % *
Helse	596	11 % *
Humanitær	1 063	19 % *
Diverse	53	0,9 % *
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	150	2,7 %
Totalt	5 640	100,0%

*) I tillegg får formåla delar av 150 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,7 %).

Idrett (1 982 millionar *)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 200 mill), estimert automatinntekt (714 mill), entreprenørbingo (44 mill), frå landslotteri (24 mill) og SMS.jackpot (81 000). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 302 millionar *)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (800 mill) eller som løyving frå regjeringa (400 mill).

I tillegg er det om lag 102 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar 80 mill, entreprenørbingo 17 mill og landslotteri 4 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (482 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

Samandrag

Helse (596 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindedeforbund og Norges Handikapforbund. 195 mill som stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 340 mill frå automatar, 51 mill frå landslotteri, 11 mill frå entreprenørbingo, 259 000 frå tivoli.no og 61 000 frå SMS.jackpot. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (1 063 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningsselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktningshjelpen og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 1 038 millionar. Røde Kors og Redningsselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 17 mill, entreprenørbingo med 8 mill, tivoli.no med 156 000 og frå SMS.jackpot med 20 000. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (53 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.


Inntektene kom frå automatar (35 mill), entreprenørbingo (5 mill), landslotteri (13 mill) og SMS.jackpot (40 000).

Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot pengespelproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven pengespel.

Uspesifiserte inntekter (150 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri. Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at om lag 40 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.



Samandrag

Endring frå år 2004

I 2005 fekk formåla 239 millionar kroner meir enn i 2004.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2004		2005		Endr. frå 2004	
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Idrett	1 923	36 %	1 982	35 %	59	3 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 200	22 %	1 200	21 %	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	83	2 %	102	2 %	18	22 %
Hest/hestesport	453	8 %	482	9 %	29	6 %
Helse	583	11 %	596	11 %	13	2 %
Humanitær	932	17 %	1 063	19 %	131	14 %
Diverse	45	1 %	53	1 %	8	18 %
Uspesifisert og inngår i formål ovanfor	170	3 %	150	3 %	- 20	-12 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %	12	0,2 %	0	0 %
Totalt	5 401	100 %	5 640	100 %	239	4 %

Idretten og kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått like mykje frå tippemidlane i 2005 som i 2004. Auken i samla inntekter for idretten skuldast ein auke i inntekter frå gevinstautomatar og entreprenørbingo.

Tabellen syner ein auke for mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid. Auken skriv seg frå større inntekter frå gevinstautomatar og entreprenørbingo.

Hestesporten fekk auka sine inntekter i 2005 samanlikna med 2004. Dette skuldast auka omsetning hos Norsk Rikstoto.

Humanitære organisasjonar fekk ein større auke i sine inntekter (131 millionar eller 14 %). Største delen av auken kjem frå større inntekter frå automatar. Automatinntekter utgjær 98 % av lotteriinntektene som er spesifisert for denne kategorien (1 038 av 1 063 millionar).

Helseorganisasjonane og diversekategorien har og hatt ein viss auke. Auken skuldast auka inntekter frå automatar, entreprenørbingo og landslotteri.

Midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd var nytt frå 2005. Dette vart første gong fordelt frå Norsk Tipping sitt overskot for 2004. Tildelinga i 2006 kjem frå Norsk Tipping sitt overskot i 2005.

Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2005 med åra 2001 til 2004. Sidan datagrunnlaget til einskilde spel er ulike desse åra, er grunnlaget for samanlikning ikkje alltid like godt. Dette vert kommentert der det er aktuelt.

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	40 827	42 362	4 %
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 520	9 664	10 926	11 511	11 684	2 %

Brutto omsetning har i 2005 auka med 4 % frå 2004. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Dette skuldast at ein større del av omsetninga gjekk gjennom spel der gevinstprosenten er høgare.

Frå 2003 til 2004 var veksten i brutto omsetning 9 %.

Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	8 805	8 433	- 4 %
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	4 200	3 989	- 5 %

I 2004 var reduksjonen 1 % for brutto omsetning.

Extra

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	746	794	822	812	771	- 5 %
Netto omsetning	373	397	411	406	385	- 5 %

I 2004 var reduksjonen 1 %.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	2 623	2 781	6 %
Netto omsetning	888	829	810	902	959	6 %

I 2004 auka brutto omsetning med 9 % samanlikna med 2003.

Gevinstautomatar

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	26 034	27 754	7 %
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	4 961	5 290	7 %

Også i 2005 har omsetninga for gevinstautomatar auka (7 %), men auken er langt mindre enn for 2004 då den var 14 % for brutto omsetning.

Viser til vedlegg for feilmarginar.

Endring i omsetning

Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1 642	1 732	5 %
Netto omsetning	370	395	411	428	462	8 %

Entreprenørbingo har totalt hatt 5 % vekst i brutto omsetning. Veksten har vore noko større for netto omsetning.

I 2004 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 2 % for brutto omsetning.

tivoli.no/SMS.jackpot

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	36,4	13,0	24,3	13,6	- 44 %
Netto omsetning	1,8	3,0	4,0	1,9	- 52 %

Desse spela var berre i drift det første halvåret. Dei fekk ikkje forlenga konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

Spela er seinare i rapporten presenterte kvar for seg.

Landslotteri

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	Endring 2004-2005
Brutto omsetning	493	454	531	466	508	9 %
Netto omsetning	419	387	441	401	416	4 %

Landslotteri har det siste året hatt ein auke på 9 % i brutto omsetning. For 2005 har vi med 47 lotteri. I 2004 registrerte vi 48. Store deler av auken kan forklarast med at Norske Spill AS på vegne av De 10 Humanitære har gjennomført tre speleomgonger med lotteriet Yezz!.

I 2004 hadde landslotterier ein reduksjon i brutto omsetning på 12 %.

Andre spel/lotteri

Omsetning i 2005 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri har Lotteri- og stiftelsestilsynet estimert. Sidan vi har nytta ulike måtar for estimat åra i mellom blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå år til år.

Endring i omsetning

Bingo utan entreprenør	2001	2002	2003	2004	2005
Tal på løyve gitt av politiet	1 500	1 200	1 050	1 100	800

Lotteri- og stiftelsestilsynet
sitt estimat for omsetning¹³: 290 mill kr 320 mill kr 310 mill kr 320 mill kr 250 mill kr
(brutto omsetning)

Totalt syner tal frå politiet og lotteriregisteret ein reduksjon i talet på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. I berekninga inngår også omsetning frå eventuelle sidespel.

Lokale / regionale lotteri	2001	2002	2003	2004	2005
Tal på meldingar motteke av politiet:	2 500	3 000	2 950	3 000	2 900
Tal på løyve gitt av politiet:	380	170	150	150	150

Lotteri- og stiftelsestilsynet
sitt estimat for omsetning¹⁴: 100 mill kr 110 mill kr 100 mill kr 100 mill kr 120 mill kr
(brutto omsetning)


På grunnlag av innrapporterte rekneskap i 2005 har vi estimert ei noko høgare omsetning enn tidlegare år, men det er totalt sett eit inntrykk av forholdsvis stabilt tal lotteri frå 2004 til 2005.

¹³ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

¹⁴ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 8,43 milliardar kroner i år 2005. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,77 milliard. ¹⁵



65 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto og Joker). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 76 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping og Oddsen stod for 24 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane, og dette er same prosentdel som i 2004.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Mill kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 515,0	65 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 034,9	24 %
Skrapelodd: Flax	882,7	10 %
Total brutto omsetning	8 432,6	100 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	5 515,0	2 034,9	882,7	8 432,6
Totalt til gevinst	2 757,4	1 234,7	451,3	4 443,4
Total netto omsetning	2 757,6	800,2	431,4	3 989,2
Gevinstprosent	50 %	61 %	51 %	53 %

¹⁵ Samla omsetning gjennom NT var difor 9,2 milliardar i 2005.

Norsk Tipping AS og Extra

Totalt gjekk 53 % tilbake til spelar som gevinst. 47 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 67. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten alltid 50.

Også talspela (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har auka litt i 2005, frå 3 847 (1. jan) til 3 954 (31. des).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnett (8 152 mill). Våren 2001 starta eit prøveprosjekt med spel via Internett og våren 2002 kom Internettkanalen i ordinær drift. I 2005 spelte nordmenn for 280,6¹⁶ millionar på NT sine egne spel¹⁷ over Internett (141,9 mill på Tipping og Oddsen, og 138,7 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

Extra – eit spel for stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

I 2005 vart det spelt Extra for 771 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Brutto omsetning	770,6	100 %
Til gevinst	385,3	50 %
Netto omsetning	385,3	50 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 16,8 millionar av samla innsats via Internett i år 2005.

¹⁶ Ein liten del av dette (ca kr 370 000) kjem frå sal via mobiltelefon som vart lansert for publikum i veke 45. I tida før lanseringa var spel på mobil tilgjengelig for eit lite testpanel blant tilsette i Norsk Tipping og Buypass. Foreløpig er fire spel tilgjengelege på denne kanalen: Lotto, Viking Lotto, Joker og Langoddsen.

¹⁷ Extra kjem i tillegg med 16,8 millionar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 3 989 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	2 338,2	59 %
Til Norsk Tipping AS	1 048,0	26 %
Til kommisjonær	603,0	15 %
Sum = netto omsetning	3 989,2	100 %

Reell fordeling frå Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 400 millionar til overskotsformåla og 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd). Beløpet er det same som for 2004. Selskapet inntektsfører også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2005 utgjorde operatørgodtgjersla 73,8 millionar.

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 59 % til formåla. Tilsvarande del i 2004 var 56 %.

Fordeling til formål

2 400 millionar kroner^{18 19} vart fordelt til formåla idrett og kultur. 1 200 mill til idrett og 1 200 mill til kultur.

For kultur blei 800 mill tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 400 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 161 mill, *Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 119 mill og *Frifondordningen* 120 mill), jf St.prp.nr. 1 (2006-2007) Kultur og kyrkjedepartementet s. 19.


For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet si pressemelding 5. mai 2006.

Fordeling av tippemidlar til idretten	Mill kr	Frå einsskilde underpostar	Mill kr
Idrettsanlegg	664,4	Idrettsanlegg i kommunane	596,1
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	349,0	Grunnstøtte særforbund	130,0
Tilskot til lokale lag og foreningar	120,0		
Spesielle aktivitetar	42,4	Antidopingarbeid	23,1
Forsknings- og utviklingsarbeid	22,8	Idrettsforskning	15,0
Nasjonalanlegg/ spesielle anlegg	1,5		
Totalt	1200,0		

Det meste av idretten sine tippemidlar (84 %) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hhv. 55 % og 29 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

¹⁸ I tillegg gjekk 12 mill til tiltak i høve til uheldig speleåtfærd.

¹⁹ 2 338,2 mill frå egne spel + 73,8 mill frå operatørgodtgjersle Extra.



Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine eigne spel fekk kommisjonærar 15 % av netto omsetning, i alt 603 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 660 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 901 kommisjonærar²⁰ i 2005. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 169 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 107,8
NT sine samla netto kostnader ²¹	982,7
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	125,1

Ved slutten av året var det halde tilbake 125,1 millionar i investeringsfond. I 2004 blei det halde tilbake 137,1 millionar.

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 385,3 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (stiftelsen Helse og Rehabilitering)	194,7	51 %
Til Norsk Tipping AS	133,6	35 %
Til kommisjonær	57,0	15 %
Sum = netto omsetning	385,3	100 %

Til stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 194,7 millionar eller 50,5 % av netto omsetning. Tilsvarende tal i 2004 var 199,1 millionar som då utgjorde 49,0 %.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2005 utgjorde dette 73,8 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett og kultur). Dette utgjorde 19,2 % av Extra si netto omsetning.

²⁰ Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

²¹ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel.

Norsk Tipping AS og Extra



Fordeling til formål i år 2005

Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 197 millionar fordelt på 590 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill kr	Prosent
Førebygging	58,0	32,3 %
Forsking	63,5	35,4 %
Rehabilitering	58,0	32,3 %
Sum	179,5	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	18,0	
Totalt	197,5	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2005 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 2,78 milliardar kroner i år 2005.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	2 781,0	100 %
Totalt til gevinst	1 821,9	66 %
Total netto omsetning	959,1	34 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Einskilde spel kan også spelast i kassen på ICA-butikkar og på mobiltelefon. Omsetninga her inngår i kommisjonæromsetninga.

Talet på kommisjonærar har gjennom 2005 auka litt, frå 1 253 (1. jan) til 1 294 (31. des). Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner.

Tre fjerdedelar av omsetninga, 75 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 9 %, medan Internett stod for 15 %. I 2004 var omsetninga over Internett nær 12 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær ²²	2 093,6	75,3 %
Baner	263,1	9,5 %
Internett	424,3	15,3 %
Total	2 781,0	100,0 %

²² Inkl. om lag 5,5 millionar i omsetning via kontofon eller SMS.

Norsk Rikstoto

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 959,1 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	481,7	50 %
Avgift til staten	102,8	11 %
Til operatør (Rikstoto)	212,5	22 %
Til kommisjonær	162,1	17 %
Sum = netto omsetning	959,1	100 %

Til formåla gjekk det 481,7 millionar kroner eller 50 % av netto omsetning, same prosentvise del som i 2004.

Fordeling til formål	Mill kr	
V75 og storløp-premiar		50,8
Transporttilskot		2,1
Norsk Hestesenter		19,0
Det Norske Travelskap		41,0
Norsk Jockeyklubb		13,6
Bidrag avskrivning finans		15,9
Provisjon driftsselskap (banene)		339,3
derav drift løpsbaner ²³	181,6	
derav premiar til hesteeigarar	157,7	
Totalt		481,7

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.


Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

²³ Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.



Statsavgift

Avgift til staten (102,8 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 162 mill eller 17 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 22 %²⁴ av netto omsetning.

I snitt var det 1 274 kommisjonærar i 2005.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	197,9
Andre inntekter	55,8
Samla kostnader	204,4
Årsresultat	49,3

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart 49,3 millionar kroner for 2005. Til samanlikning var det 21,1 millionar i 2004 og 8,3 millionar i 2003.

²⁴ Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærleddet): 162,1 mill/(959,1 mill x 75,3 %)

▶ Prøvekonsesjonar på Internett og SMS

I 2002 starta to spel som fullt ut gjekk over nye elektroniske plattformar. Desse var *tivoli.no* og *SMS.jackpot*. Kultur og kyrkjedepartementet gav konsesjon til *tivoli.no* og Lotteritilsynet gav konsesjon til *SMS.jackpot*.

Spela fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

No er det berre Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto som har konsesjon til å formidle sine spel over Internett.

tivoli.no

Spelet var det einaste i sitt slag i Noreg der ein utelukkande spelte over Internett. Betalingsformidlinga, overføring av innsats og eventuell gevinst gjekk også over Internett.

Spelet vart operert av Norske Spill AS, eit firma som no er eigd av Norges Røde Kors og Reitan Servicehandel Norge AS.

Organisasjonane som mottok inntekt frå spelet i 2005 var²⁵:

Kreftforeningen, Flyktninghjelpen, Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindforbund, Norges Handikapforbund, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

tivoli.no - nøkkeltal år 2005

Brutto omsetning	kr 12 540 897
Gevinst	kr 11 157 465
Netto omsetning	kr 1 383 432
til operatør (drift)	kr 968 402
overskot til formål	kr 415 030
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	30 %
Gevinstprosent	89 %

Frå spelet mottok organisasjonar kroner 415 030 som formålsinntekt, eller 30 % av netto omsetning.

I forhold til vår kategorisering av inntekt til ulike typar formål²⁶ vil fem av organisasjonane inngå i gruppa helseorganisasjonar og dei andre tre i gruppa humanitære organisasjonar.

Dette utgjorde:

- kr 259 394 til helseorganisasjonar
- kr 155 636 til humanitære organisasjonar

²⁵ Desse utgjorde i 2005 «De 10 Humanitære AS».

²⁶ sjå vedlegg

Prøvekonsesjoner på Internett og SMS

SMS.jackpot

Spelet var åleine i Noreg om å tilby lotteri over SMS (tekstmelding).

Spelet vart operert av Noreca AS. Dette spelet hadde 10 organisasjonar som overskotsmottakarar.

Organisasjonar med inntekt frå spelet var:

Norsk forbund for svaksynte, Norges Svømmeforbund, Care Norge, Norges Håndballforbund, Miljøstiftelsen Bellona, MS Forbundet Norge, Norges Døveforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Bordtennisforbund og Amnesty International.

SMS.jackpot - nøkkeltal år 2005

Brutto omsetning	kr	1 090 560
Gevinst	kr	584 862
Netto omsetning	kr	505 698
til operatør (drift)	kr	303 419
overskot til formål	kr	202 279
Formåla sin del av brutto omsetning		19 %
Formåla sin del av netto omsetning		40 %
Gevinstprosent		54 %

Formåla mottok totalt 202 279 kroner og frå vår kategorisering utgjer dette:

- kr 80 912 til idrettsorganisasjonar
- kr 60 684 til helseorganisasjonar
- kr 20 228 til humanitær organisasjon
- kr 40 456 til diverse organisasjonar

Nye plattformer for spel og betalingsformidling

Totalt var det i 2005 fire aktørar som tilbød spel over Internett eller SMS. I tillegg til Norske Spill AS (tivoli.no) og Noreca AS (SMS.jackpot) gjaldt dette Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto.

Internettspellet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

Ved Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto er det innsats og eventuell gevinst som kan overførast via Internett. Det vert spelt på same spel som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein form for spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Operatørane har ulik praksis på kva premiebeløp som går til spelekonto og kva som går til spelars ordinære bankkonto. Spelar kan likevel alltid velje å overføre frå spelekontoen til eigen bankkonto, eller for SMS.jackpot bruke spelekontoen til kjøp av andre varer/tenester der mobilhandel er tilgjengeleg.

Dette betyr at det i brutto omsetning for alle spela inngår innsats finansiert med tidlegare gevinstar, utan at gevinsten først er utbetalt frå spelekonto.


Spel på nye plattformer - brutto omsetning (mill kr)	År 2002	År 2003	År 2004	År 2005	Endring frå 2004	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	297,4	68,2	30 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	424,3	121,3	40 %
tivoli.no	36,1	11,8	21,9	12,5	-9,4	-43 %
SMS.jackpot	0,3	1,1	2,4	1,1	-1,3	-54 %
Totalt	212,9	380,2	556,5	735,3	178,8	32 %

I 2005 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 735 millionar kroner.

Dette beløpet er større enn kva spelarane har overført frå eigne bankkonti. På bakgrunn av tal / anslag frå operatørane utgjør innsats med bruk av gevinstpengar totalt om lag ein tredjepart av brutto omsetning.

Veksten i omsetninga utgjorde totalt 32 % for spel på elektroniske plattformer. I 2004 var veksten 46 %.

Nye plattformer for spel og betalingsformidling



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Opinion AS gjennomførte for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2005²⁷ har vi tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2005.

5,9 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 207 000 nordmenn over 18 år.

I flg. estimatet spelte nordmenn for om lag 4,7 milliardar kroner. 735 millionar vart satsa på dei lovlege norske nettstadene. Estimatet for utanlandske nettstader utgjorde dermed om lag 4 milliardar kroner. Vi vurderar dette estimatet for å vere nøkternt.

²⁷ Kvartalsvise målingar gjort i 2005. 1000 personar over 18 år vart spurde kvar gong.

Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo, og tal for desse blir omtala annan stad.

Gevinstautomatar

Vi har data frå 132 automatentreprenørar som til saman hadde utplassert 14 838²⁸ gevinstautomatar per 31. desember 2005.

Reduksjonen er på nærare 800 automatar frå 2004 då vi rapporterte om 15 624 utplasserte automatar ved utgangen av året.

For 16 av dei mindre entreprenørane har vi ikkje fått tal for omsetning, m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon²⁹ reknar Lotteri- og stiftelsestilsynet med at desse hadde utplassert 145 automatar per 31 desember 2005, noko som utgjør *ein* prosent av samla automattal.

Vi viser til vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2005

Brutto omsetning (pengar inn) *	27 754 mill kr
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	22 464 mill kr
Netto omsetning	5 290 mill kr
til entreprenør	2 033 mill kr
til lokalinnhavar	1 051 mill kr
til formål (lag og organisasjonar)	2 207 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	8 %
Formåla sin del av netto omsetning	42 %
<u>Utbetalt gevinst av brutto omsetning</u>	<u>81 %</u>

* *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.*

Brutto omsetning er estimert til nærare 27,8 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane. Verdi av gjenspel av gevinst som ikkje først er utbetalt, er difor ikkje medrekna.

Tilsvarende vart nær 22,5 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, utan først å ha vore utbetalt, ville gevinstprosenten vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er 8 kroner fysisk betalt ut som gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. 5,29 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnhavarane.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

²⁸ Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldningsautomatar. Det inngår også 11 lottoautomatar (31. des 2005) etter forskrift om oppstilling av lotteriautomat. Entreprenørar som berre har hatt underhaldningsautomatar er ikkje medrekna i dette entreprenørtalet.

²⁹ Lotteriregisteret, Enhetsregisteret (årsrekneskap) og tidlegare rapporterte tal.

Automatar

Talet på automatar og oppstillingsstader

Samla automattal for entreprenørar	1. jan 2005	31. des 2005	Endring	Prosent
> 500 automatar kvar 1. januar	9 928	9 155	- 773	-8 %
< 500 automatar kvar 1. januar	5 558	5 683	125	2 %
Totalt	15 486	14 838	- 648	-4 %

Tabellen viser ein samla nedgang på 648 automatar gjennom året. Talet på reelt utplasserte automatar er noko lågare enn det som kjem fram i Lotteriregisteret som viser oppstillingsløyve.

1. januar 2005 var det fire entreprenørar³⁰ med meir enn 500 automatar kvar. Desse har samla redusert sin automatpark med 773 automatar (- 8 %). Talet på automatar hos dei andre entreprenørane har auka med 125 (+ 2 %).

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader³¹:

Automatar per oppstillingsstad	Avrunda tal	Prosent	
31. desember 2005			
Daglegvareforretningar	2 700	18 %	35 %
Varehus/kjøpesenter	2 500	17 %	
Kioskar	3 900	26 %	41 %
Bensinstasjonar	2 200	15 %	
Servering/overnatting	1 900	13 %	24 %
Andre	1 600	11 %	
Totalt	14 800	100%	100%

Om lag ein tredjedel av automatane var plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein noko større del stod i kioskar og på bensinstasjonar. Dei resterande finn vi andre stader og ofte på serverings- eller overnattingsstader.

I *andre stader* inngår ferjer, bingolokale, spelehallar, bowlinghallar osv..

Nærare 500 automatar stod i bingolokale.

Samanlikna med tidlegare oversyn ser vi einskilde endringar. Talet på automatar er noko redusert i kioskar, serveringsstader, daglegvareforretningar og kjøpesenter/varehus.

Samlekategorien *andre stader* er om lag uendra, men for bingolokale som også inngår i denne gruppa er talet redusert frå om lag 600 til 500.

Tabellen under er meint som ein indikator på utviklinga. Sidan tala er avrunda kan dei reelle endringane avvike noko frå det tabellen viser.

Oppstillingsstad	2004	2005	Endring
Daglegvareforretningar	2 900	2 700	- 200
Varehus/kjøpesenter	2 600	2 500	- 100
Kioskar	4 200	3 900	-300
Bensinstasjonar	2 200	2 200	
Servering/overnatting	2 200	1 900	- 300
Andre	1 500	1 600	100
Totalt	15 600	14 800	- 800

³⁰ Norsk Lotteridrift ASA, Røde Kors Automatene, Redningsselskapet og Spill og Tjenester AS.

³¹ Entreprenørane har rapportert kor stor del av automatane (per 31.12) som stod på ulike oppstillingsstader. For 374 automatar er dette ikkje spesifisert, men vi har lagt til grunn prosentvis fordeling frå dei andre.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Opptalt og estimert beløp for netto omsetning i følgje teljeverk er 5 290 millionar kroner. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 63 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetninga.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (lag og organisasjonar)	2 207	41,7 %
Til lokalinnhavar	1 051	19,9 %
Til entreprenør	2 033	38,4 %
Sum = netto omsetning	5 290	100,0 %

Fordeling til formål

Totalt er 2 207 mill fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 41,7 %.

Del til formåla var 40,5 % i 2004. Lotteri- og stiftelsestilsynet berekna formålsinntektene til 2 008 mill i 2004, 1 691 mill i 2003, 1 224 mill i 2002 og 917 mill i 2001.

Vi viser under korleis beløpet for 2005 er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:

- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 20 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter:


Fordeling av automatinntekter	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (20 mill)		2) Fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Del av beløp som er estimert ³²
Idrett	666	30 %	714	32 %	7 %
Helse	319	14 %	340	15 %	6 %
Musikk/kultur/fritid	74	3 %	80	4 %	7 %
Humanitær	1 026	46 %	1 038	47 %	1 %
Diverse	32	1 %	35	2 %	7 %
Uspesifisert og estimert ³³	89	4 %			
Totalt	2 207	100 %	2 207	100 %	4 %

Oversikten er basert på spesifisering frå entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

³² Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (69 mill) og estimat av 145 automatar (20 mill), totalt 89 mill eller 4 % av 2 207 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv eller der entreprenør i stor grad spelar for ein organisasjon (dette gjeld Røde Kors, Redningsselskapet, NHF, Norges Blindforbund og Spill og Tjenester AS). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikkje har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

³³ Beløpet inneheld 69 mill uspesifisert frå entreprenørar og 20 mill fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.

Automatar



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 1 038 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningselskapet. Estimert for 2004 var 903 millionar.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 666 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 714 millionar. Inntekt i 2004 var berekna til 671 millionar.

For helseorganisasjonar har vi estimert ei samla inntekt på 340 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Kreftforeningen. Inntekta var i 2004 berekna til 334 millionar.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert beløpet til 80 millionar. Berekinga for 2004 var 72 millionar.

For gruppa diverse som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimert 35 millionar kroner. Her finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar, dyrevern og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane.

Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 2 033 millionar kroner. Dette utgjorde i overkant av 38 % av netto omsetning. Alle kostnader som entreprenør eller måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 1 051 millionar. Dette utgjør nær 20 % av netto omsetning, noko som samsvarar med maksimumsdelen i forskrift.

Automatar

Gjennomsnittleg nettoomsetning per automat i 2005

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	349 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningselskapet, NHF og Norges Blindforbund)	305 000
Totalt for private entreprenørar	370 000

Entreprenørar med eige formål hadde jamt over mindre omsetning per automat enn dei private.

Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal gå til lotteriverdige formål. Difor går inntektene i utgangspunktet uavkorta til entreprenør og lokalinnhavar.

Tal på underhaldningsautomatar

Tal frå 32 entreprenørar og andre eigarar av slike automatar utgjer totalt 590 automatar per 31. desember 2005. Dette er ein reduksjon frå 2004 med om lag 400 automatar.

Ikkje alle desse automatane treng oppstillingsløyve frå politiet (t.d. biljardbord og dartspele), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap.

57 % av automatane vi har tal i frå har oppstillingsløyve.

Omsetning i 2005

Registrert og estimert omsetning er totalt 21 millionar kroner. Dette er ein reduksjon frå 2004 då vi berekna omsetninga til i alt 29 millionar.

Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	9	42 %
Til lokalinnhavar (ekskl. mva)	8	39 %
Mva	4	20 %
Sum = omsetning	21	100 %

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo³⁴. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve gitt av politiet og utval rekneskap frå 2005.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rekneskapsrapportering frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 118 bingolokale per 31. desember 2005. Talet bingolokale i entreprenørbingo er dermed uendra frå utgangen av 2004. Talet på entreprenørar er derimot redusert frå 74 i 2004 til 58 ved utgangen av 2005.

Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2005

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	1 732 mill kr
Gevinst *	1 270 mill kr
Netto omsetning	462 mill kr
administrativ kostnad	378 mill kr
overskot til formåla	85 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	18 %
Gevinstprosent	73 %

**) Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt dette for elektroniske sidespel.*

Entreprenørbingo omsette for 1,73 milliard kroner i år 2005. Til lag og organisasjonar vart det overført 85 millionar kroner eller 5 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 73 % og formåla sin del av netto omsetning er 18 %.

Samanlikna med 2004 er total omsetning noko høgare i 2005. Brutto omsetning i 2004 var 1 642 millionar og netto omsetning var 428 mill.

Frå 2005 har bingoentreprenørane overført inntekt til formåla etter ny fordelingsnøkkel. Formåla har i 2005 fått 38 millionar meir enn året før. I 2004 utgjorde formåla sin del av netto omsetning 11 %.

Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

Sidespel per 31. desember 2005	Entreprenørar	Prosent	Bingohallar	Prosent
Bingoautomatar	39	67 %	84	71 %
Databingo	45	78 %	99	84 %
Papirsidespel	15	26 %	22	19 %
Ingen sidespel	1	2 %	1	1 %
Tal entreprenørar totalt	58		118	

³⁴ Talmaterialet er rapportert frå entreprenørar gjennom rekneskapsrapportering, men einskilde opplysningar om talet på bingoautomatar og kategoriar av lag og foreiningar har vi henta frå Lotteriregisteret når dette ikkje har gått fram av rekneskapsrapportane. For 2 mindre entreprenørar er omsetninga delvis estimert, men då på grunnlag av tidlegare opplysningar eller halvårsrekneskap.

Bingo

Elektroniske sidespel er mest utbreidd. 39 entreprenørar oppgir at dei har bingoautomatar og 45 oppgir at dei har databingo. 15 entreprenørar har papirsidespel. Ein del har fleire typar sidespel.

Det er 5 entreprenørar som ikkje har elektroniske sidespel, og 1 som ikkje har sidespel i det heile.

Sidan vi for 2005 har tal frå rekneskapsrapportering per bingohall får vi og fram fordelinga av sidespel i høve til bingohallar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2005

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel ³⁵	903	634	70 %	269	28	10 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	567*	454*	80 %	113	33	30 %
- databingo	258*	180*	70 %	78	23	30 %
- papirsidespel	4	2	51 %	2	1	29 %
Sidespel totalt	830	636	77 %	194	57	30 %
Totalt	1 732	1 270	73 %	462	85	18 %

*) *Delvis estimat*

Når omsetninga frå 2004 har auka skuldast dette auka omsetning på elektroniske sidespel, og mest for databingo. Både hovudspel og papirsidespel har hatt ein nedgang i omsetninga frå 2004 då brutto omsetning på desse spela var høvesvis 970 og 9 millionar.

Databingo har auka i brutto omsetning med 90 millionar frå 2004 til 2005. 84 % av bingohallane hadde databingo ved utgangen av 2005.

I flg. vårt estimat for bingoautomatar har omsetninga auka med 71 millionar. 71 % av bingohallane hadde bingoautomatar ved utgangen av 2005, og talet utplasserte automatar var 829. Dette er ein auke frå 2004 då tilsvarande tal var 688.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Papirsidespel har lågaste gevinstdel med 51 %. Elles ligg gevinstprosenten mellom 70 % og 80 %. Høgast gevinstprosent har bingoautomatar, og som for gevinstautomatar gjeld dette gevinst som er utbetalt.

Som tabellen viser fekk dei spelande lag og foreiningar totalt 85 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. For 2005 har vi for første gong høve til å sjå fullt ut korleis dette fordelar seg på dei ulike typar spel.

Tabellen framfor viser at to tredjedelar av inntektene til formåla kom frå sidespela.


³⁵ I 14 rekneskapsrapportar er det for hovudspel berre rapportert gevinst lik berekningsgrunnlag for utrekning av formålets inntekt. Bingoane kan betale ut meir i premiar, men dei kunne ikkje trekkje frå meir enn 75 % før ein bereknar formålas si inntekt. I brutto omsetning utgjer desse 14 rapportane 7 % av totalen, og dersom den reelle gevinstprosent for desse var 80 % vil vi for hovudspelet vise 3 millionar for lite i gevinstkostnad samstundes som netto omsetning er 3 millionar for stor.

Bingo

Bingoentreprenørane rapporterar³⁶ at dei samla har spelt for 2 022 lag og foreiningar i år 2005. Dette er ein nedgang frå 2004 då talet var 2 556.

Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	44	52 %
Helse	11	13 %
Musikk/kultur/fritid	17	21 %
Humanitær	8	9 %
Diverse	5	6 %
Totalt	85	100 %



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 44 mill. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 17 millionar.

³⁶ For entreprenørar som ikkje har rapportert tal, har vi henta opplysningar i Lotteriregisteret.

Bingo

Gevinstautomatar³⁷ i bingolokale

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det i 2005 utplassert nærare 500 ordinære gevinstautomatar i bingolokala.

Totalt har 29 automatentreprenørar rapportert at dei har gevinstautomatar i bingolokale.

På grunnlag av data frå automatentreprenørane har vi rekna ut nettoomsetninga til 125 millionar kroner for dei automatane som stod i bingolokale. Vi legg til grunn at formåla her har same prosentvise inntekt som automatentreprenørane oppgir for verksemdene sine³⁸, og lag og foreiningar vil då ha hatt ei inntekt på om lag 51 millionar frå desse automatane (41 %).

Desse inntektene kom eventuelt i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.

Det er noko varierende praksis i høve til om desse inntektene går til dei same foreiningane som bingoen spelar for, t.d. i same spel i pott.

Går inntektene til same foreiningar som bingoen spelar for?

	Tal automat- entreprenørar	Estimert inntekt til formåla	Prosent av inntekt
<i>Alltid</i>	10	13 mill kr	26 %
<i>Som regel</i>	6	23 mill kr	46 %
<i>Av og til</i>	4	7 mill kr	14 %
<i>Sjeldan</i>	1	1 mill kr	1 %
<i>Aldri</i>	5	4 mill kr	7 %
<i>Ikkje svart</i>	3	3 mill kr	6 %
Totalt	29	51 mill kr	100%

Tabellen illustrerer at desse inntektene forholdsvis ofte gjekk til dei same foreiningane som elles får inntekt frå bingspela, men ikkje alltid.

³⁷ Einskilde er lottoautomatar (maks. 11 ved utg. av året).

³⁸ Utgangspunkt er kvar einskild entreprenørs prosentvise fordeling til formål og at denne også er brukt for automatlar i bingolokale.

Bingo

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet, Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2005 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Rundt 800 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under. Om lag 90 av desse er radiobingo og 2 er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2005

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	250 mill kr
Gevinst	160 mill kr
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	20 mill kr
overskot til formåla	70 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	28 %
Formåla sin del av netto omsetning	78 %
Gevinstprosent	64 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 250 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 70 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til om lag 90 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere i overkant av ein tredjedel.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot i overkant av 40 millionar kroner.

Andre lotteri

I tillegg til automatspel og bingo har vi for 2005 registrert eller fått innrapportert nærare 3 100 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2005 har vi fått innrapportert 47 lotteri. Dette er om lag det same som i 2004 då vi rapporterte frå 48.

I 2005 hadde Oslo politidistrikt 37 landslotteri, Hordaland hadde 3 og Asker og Bærum hadde 2. I tillegg gav 5 andre distrikt³⁹ løyve til eitt lotteri kvar.

Landslotteri - nøkkeltal år 2005

Loddsal	500 mill kr
Eventuell anna inntekt ⁴⁰	8 mill kr
Samla inntekt	508 mill kr

Gevinstkostnad	92 mill kr
Netto omsetning	416 mill kr
administrative kostnader	307 mill kr
overskot til formåla	109 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning	22 %
Formåla sin del av netto omsetning	26 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 18 %

Landslotteria omsette for 500 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med 8 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 508 millionar.

Samla gevinstkostnad i 2005 var 92 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 307 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 109 millionar. Dette utgjorde 22 % av brutto – og 26 % av netto omsetning.

³⁹ Agder, Follo, Romerike, Salten, og Vestoppland.

⁴⁰ Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

Andre lotteri

Loddsalet har auka med 45 millionar frå 2004. Hovudårsaka til auken er lotteriet til Norsk Spill AS som på vegne av De 10 Humanitære i 2005 hadde 3 speleomgonger med lotteriet Yezz!. Totalt omsette Yezz! for 74 millionar kroner i 2005.

Av landslotteria var 43 førehandstrekte/skrapelodd, medan 4 var etterhandstrekte. Målt i brutto omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri 2,2 millionar kroner, eller om lag ein halv prosent.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ⁴¹	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	39,6	24,3	8 %	22 %	61 %
Helse	280,6	50,5	55 %	46 %	18 %
Musikk, kultur og fritid	7,6	4,3	1 %	4 %	57 %
Humanitær	101,3	16,9	20 %	15 %	17 %
Diverse	78,8	13,5	16 %	12 %	17 %
Totalt	507,8	109,5	100 %	100 %	22 %

Helseorganisasjonar hadde som tidlegare år størst omsetning, og i 2005 55 % av heile marknaden. Dei hadde likevel mindre del av samla overskot (46 %). Prosentvis del til formål av brutto omsetning er samla sett lågast for kategoriane helse (18 %), humanitær (17 %) og diverse (17 %).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Idrett samt Musikk/kultur og fritid som fekk mest i overskot (61 % og 57 %).

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	34,8	10,5	24,3	30 %	70 %
Helse	229,4	178,9	50,5	78 %	22 %
Musikk, kultur og fritid	6,7	2,5	4,3	36 %	64 %
Humanitær	80,4	63,6	16,9	79 %	21 %
Diverse	64,8	51,3	13,5	79 %	21 %
Totalt	416,2	306,7	109,5	74 %	26 %

Administrative kostnader utgjorde 307 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc.

For einskilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I 3 rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 1,3 million.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddsal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

⁴¹ Liste over organisasjonane i vedlegg.

Andre lotteri


Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

43 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 497⁴² millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 883 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 75 mill kr
- De 10 Humanitære (Yezz!)⁴³ 74 mill kr
- Redningsselskapet 42 mill kr
- Landsforbundet Mot Stoffmisbruk 30 mill kr
- Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet 27 mill kr
- Norges Astma og Allergiforbund 27 mill kr
- Det Norske Totalavholdsselskap 24 mill kr
- Nasjonalforeningen for folkehelsen 20 mill kr



I 2005 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 380 millionar kroner. Dette utgjer ein reduksjon med 94 millionar frå 2004 då omsetninga var 1 474 millionar.

Samanlikna med 2004 har Flax redusert sin marknadsdel frå 69 % til 64 %. Av landslotterier er det størst auke for helseorganisasjonane som har auka sin del frå 16 % til 20 %.

10 H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriane for helse- og humanitære organisasjonar. 10 H sin marknadsdel er 5 % i 2005.

⁴² Eksklusiv 8 mill i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

⁴³ Totalt for 3 speleomgonger med Yezz! (26 mill, 18 mill og 30 mill).

Andre lotteri

Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar eller gitt løyve til om lag 3 000 lokale og regionale lotteri i år 2005.

Nærare 2 900 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har nærare 150 lotteri fått løyve⁴⁴.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2005

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	120 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	80 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	67 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	25 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteriar har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men alle typar lag og foreningar sel slike lotteri.

⁴⁴ Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til politiet. Lotteri med omsetning 150 000 eller meir treng løyve frå politiet.

English summary

In 2005, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 42.4 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 30.7 billion in prize money.


This left an expenditure of NOK 11.7 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

Key figures on the gaming market in Norway

Year 2005	Million			
	NOK	EUR ⁴⁵		
Gross turnover (total wagered) ⁴⁶	42,362	5,290		
Prizes	30,678	3,831		
Net turnover (expenditure/loss)	11,684	1,459		
Year 2005	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴⁷	9,163	1,144	2,527	316
Per capita, 15 years and older	11,402	1,424	3,145	393
Per household ⁴⁸	21,074	2,632	5,813	726
Percentage of disposable income ⁴⁹	4.76%		1.31%	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 9,163 in 2005.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 2,527. This amounts to 1.31 % of the disposable income per household.



⁴⁵ Average rate of exchange 2005 as determined by Norges Bank: 8,0037.

⁴⁶ For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested before the prizes are paid out of the machines are not included.

⁴⁷ Average population as determined by Statistics Norway.

⁴⁸ The average number of persons per household is 2.3. (Figures from Statistics Norway - Statistical year book)

⁴⁹ Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB):


Disposable income NOK 890 535 million.

English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 27.8 billion NOK.^{50 51} In addition, 8.4 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and nearly 0.8 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent close to 2.8 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo, lotteries, internet game (1) and SMS-lottery (1), in addition to gaming machines, make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of nearly 2.0 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at 1.7 billion. Also included here are side games (electronic⁵² and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.25 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at 0.5 billion⁵³. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK120 million.



⁵⁰ Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

⁵¹ In addition, a turnover of 21 mill. from entertainment machines.

⁵² Bingo machines and online bingo.

⁵³ The turnover of 508 mill. includes NOK 8 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra⁵⁴ er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automatentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteri- og stiftelsestilsynet. For dei som ikkje har svart har vi gjort estimat på grunnlag av tilgjengelege data.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, og det aller meste er henta frå entreprenørane si halvårlege rekneskapsrapportering. Av ulike grunnar er delar av talmaterialet for nokre få mindre entreprenørar estimert frå opplysningar frå Lotteriregisteret eller einskilde rekneskap.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet eller organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteri- og stiftelsestilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2005 innsendt av politiet eller frå Lotteriregisteret eller organisasjonane si rekneskapsrapportering.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Gevinstautomatar

Bereking av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	5 152 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk optalt + tillegg for avvik (1,197%))	88 mill
+ estimat for 145 automatar (152 (snittal) x 330 000)	50 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	5 290 mill
+ utbetalt gevinst (80,940% av brutto omsetning ⁵⁵)	22 464 mill
= estimert brutto omsetning	27 754 mill

Bereking av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2).

Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigerings» for det dei entreprenørane med eige formål har fordelt til eigen organisasjon.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.

⁵⁴ Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering.

⁵⁵ Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut)

Feilmarginar

Prosent utbetalt gevinst (80,940 %)

For 22,1 mrd. eller 80 % av omsetninga har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimater er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning.

Gevinstprosent redusert med 2% gir 539 mill mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling. Auka med 2 % gir 665 mill større brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

Avvik (1,183 %)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ei endring på 0,5 % i avvik endre netto omsetning med om lag 0,4 mill.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Underhaldningsautomatar

Gjennom Lotteriregisteret har vi kjennskap til 5 eigarar med i alt 13 automatar som ikkje har svart på spørjeskjema. For desse har vi estimert ei omsetning på grunnlag av snittomsetning for dei andre automatane.

Der vi manglar data om mva. eller del til lokalinnhavar har vi lagt til grunn samla prosentvis del som for dei andre og prosentuert ut frå omsetningstalet. Slike estimat er gjort for 17 automatar.

Berekening for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: Talet for brutto omsetning er estimert på grunnlag av 2004 tal og rekneskapsrapportar for 2005.

I 2004 rapporterte 31 entreprenørar ein samla gevinstprosent på 79 prosent. I 2005 er brutto omsetning rapportert i 30 rekneskapsrapportar, med ein samla gevinstprosent på 80. Vi føreset difor om lag uendra gevinstprosent og estimerer gevinstprosenten til 80 for dei som ikkje har rapportert brutto omsetning i 2005.

Databingo: 2 rekneskapsrapportar viser berre inntekt til formålet. Her er netto omsetning estimert på grunnlag formålsprosent 30. Totalt er brutto omsetning estimert for 4 rekneskapsrapportar. Mellom anna på grunnlag av samla rapportert gevinstprosent.

Elles er omsetninga delvis berekna for 2 mindre entreprenørar. Estimert er gjort på grunnlag av bingorekneskap 1. halvår og 2004-tal.

Berekening for bingo utan entreprenør

På grunnlag av rapporteringar for 2005 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	1 020 000 ⁵⁶	220 000 ⁵⁷		
Samla gevinstprosent	47 %	71 %		
Overskot av brutto omsetning	46 %	19 %		
Tal løyve rapportert / frå Lotteriregisteret	90	715		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	92 mill	158 mill	250 mill	250 mill
Estimert gevinst	43 mill	112 mill	155 mill	160 mill
Estimert netto omsetning	49 mill	46 mill	95 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	42 mill	31 mill	73 mill	70 mill
Estimert brutto omsetning år 2005*	250 mill			
- Gevinst*	160 mill			
= Netto omsetning	90 mill			
Administrativ kostnad	20 mill			
Overskot*	70 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	28 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	78 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	64 %			

*) runda til næraste 10 mill

⁵⁶ Snittberekning for 50 rekneskap (2005) kr 1 022 533,-

⁵⁷ Snittberekning for 160 rekneskap (2005) kr 220 739,-

Landslotteri 2005 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

Idrett	Norges Badmintonforbund * Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund
Helse	Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hofteforeningen Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen Mot Stoffmisbruk Landsforeningen uventet barnedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Stiftelsen Sofienlund 5 av 8 organisasjonar i 10H - 3 speleomgonger ⁵⁸
Musikk, kultur og fritid	Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
Humanitær	Adopsjonsforum Flyktninghjelpen Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Fadderbarnas Framtid 3 av 8 organisasjonar i 10H - 3 speleomgonger ⁵⁹
Diverse	Det Norske Arbeiderparti Det Norske Misjonsselskap, region Nord-Norge * Det Norske Totalavholdsselskap Elevringen bibelskolen Bildøy Bergen Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Norea Mediemisjon Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet Stiftelsen Mot Vold

* er etterhandstrekt

⁵⁸ Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund.

⁵⁹ Flyktninghjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

Vedlegg

Bereknig for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekninger gjort frå opplysningar som politiet har sendt oss og rapporteringar for 2005 registrert i Lotteriregisteret reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	27 000 ⁶⁰	262 000 ⁶¹		
Samla gevinstprosent (kostnad)	17 %	34%		
Overskot av brutto omsetning	79 %	59 %		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 868	145		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	78 mill	38 mill	116 mill	120 mill
Estimert gevinst	13 mill	13 mill	26 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	65 mill	25 mill	90 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	62 mill	22 mill	84 mill	80 mill
Estimert brutto omsetning år 2005*	120 mill			
- Gevinst*	30 mill			
<hr/>				
= Netto omsetning	90 mill			
Administrativ kostnad	10 mill			
Overskot*	80 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	67 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	89 %			
<hr/>				
Gevinstkostnad av brutto omsetning	25 %			

*) runda til næraste 10 mill

⁶⁰ Gjennomsnittleg omsetning i 1 031 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2005 (kr 27 184).

⁶¹ Snittberekning av 73 rekneskap for 2005 (kr 262 282).



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde
Tlf. 57 82 80 00